



Hoppande glade for privat skule



I tre månader har elevane i Ølve gått på Montessoriskule. For elevane har dette blitt ein heilt ny måte å gå på skule på. Mellom anna så har elevane ikkje heimeleikse, men litt

lengre skuledagar enn det elevane elles har her i kommunen. Og kva seier elevane? Jo, dei er strålande nøgde. Side 9-11

Torsdag neste veke fyller Husnes Storsenter 5 år

Vi ynskjer deg velkommen til Shoppingfestival med knallgode tilbod, show og jubileumsfest i 10 dagar frå 24.10 til laurdag 02.11.

SHOPPING
festival
2013



Jubileumsbaby vert presentert • Nattepe m/timetilbod
• Vinn 10.000 kroner • Gratis kake og kaffi • Poppingdansar
Carl frå norske talenter • Ansiktsmaling og teikne-
konkurranse • Edo • Skarre R/Kløver Knekt • Torgdag mm

HUSNES
STORSENTER

huser meir enn du trur



FRITID: Linn Korsnes Storedale nyttar den halvannan time lange pausen til klatring i tre.

– Velkommen til Ølve Montessoriskule

– Vil du ha ein kopp kaffi?

Eg har så vidt sett foten inn i Verdsrommet, ja det er namnet på det eine undervisningsrommet, det andre undervisningsrommet har fått namnet Tidsrommet, då ein smilande åtteåring kjem mot meg.

– Har du lyst på ein kopp kaffi?

– Ja, takk, svarar eg. Ein kopp kaffi etter ei tidleg morgonvake hadde smaka godt.

Men?

To minutt seinare er den gjestfrie eleven tilbake med nytrekt kaffi, henta frå lærarrommet.

Lett forvirra og overrumpla etter denne fine velkomsten i ein skuleklasse klarar eg søla kaffi både på reol og golv.

– Eg skal henta papir til deg, eg.

Før eg har fått snudd meg om har to åtteåringar henta papir og er i full gang med å tørka opp etter gjesten som om mogleg blir endå meir usikker på om han har gått rett. Er det ein kafe med toppservice, eller ein skuleklasse i eit 51 år gammalt skulebygg eg er komen til?

– Vi jobbar mykje med at vi skal vera høflege både mot gjester og kvarandre, forklarar montessoripedagog Siri Holst Larsen.

Ho er ei av personalstaben på sju som er knytt til privatskulen. Dei kjem frå Tustna, Oslo, Solør, Baldersheim, Knarvik og Ølve.

Inne i Verdsrommet er det samla 15

montessorielevar denne tysdagen. Alle jobbar med ulike ting, men innanfor tema som er fastsett denne veka. Nokre studerer kva som skjer ute i verdsrommet, andre er i full gang med reknepøver, medan andre jobbar med matematikk etter eit mønster som er totalt ukjent for Kvinnheringen sin utsende. Mellom lese- og matteøktene tek elevane ein liten «time out», og set seg i fruktstolen. På eit lite bord med to stolar rundt står det eit fat med fersk frukt, kvar einaste skuledag.

FØLG BARNET

På den eine veggjen inne i Verdsrommet heng det eit bilde i ramme av ei flott dame som følgjer aktivitetane til elevane med argusauge.

– Det er faktisk ho som fann opp Montessoriskulen.

– Det var bra at ho gjorde.

– Ho heiter Maria Montessori, forklarar dei to tredjeklassingane, Viktoria Moss og Tiril Nepstad.

Maria Montessori var Italia sin første kvinnelege lege. Då ho jobba ved ein psykiatrisk klinikk ved universitetet oppdaga ho at borna her kunne læra mykje, berre dei fekk tilrettelagt undervisninga.

Sjølve kjernen i montessoripedagogikken er at ein skal ha tilpassa undervisning ut frå det ein skilde barnet sitt behov. Kvar barn er unikt. Born utviklar seg i ulik takt. Difor vert kvar elev møtt på det nivået han er. Her går ein ikkje vidare før eleven er trygg på det grunnleggjande i faget. Men i staden for å formidla alt sjølv, legg Montessoriskulen til rette for eigenaktivitet for elevane.

– Lærarrolla hos oss i Montessoriskulen er ein litt annan enn det den er i den tradisjonelle skulen. Pedagogane her er >>>

Har du høyrd om skulen utan klasserom, utan skrivepultar, utan heimelekser, med friminutt på halvannan time og ein elevflokk som elskar skulekvardagen sin? Det er Ølve Montessoriskule det.



REKTOR OG HAREMET:

Ein mann og seks damer er tilsett ved Ølve Montessoriskule. Frå venstre: Marianne Blockfeldt, Hein Bondevik, Jeanette Svendsen og Hildegunn Nepstad.

>>> meir rettleiarar enn tradisjonelle lærarar, forklarar rektor Hein Bondevik.

Med blankpolert skalle, tre dagar gamle skjeggstubbar og ein kledeleg øyrering helsar han oss velkomen til skulen som han er stolt av.

– Eg føler at vi etter eit par månader har kome inn på det rette Montessori-spolet, seier den blide rektoren.

Ikkje alle planane er realiserte. Frå nyttår håpar han at kjøkenet er ferdig opprusta, slik at elevar og lærarar kvar dag kan ha eit stille og roleg felles smøremåltid, i god Montessori-ånd.

IKKJETERMA

På den private skulen i Ølve er karakterundervisning, der skuledagen er oppdelt i timar og der alle skal læra det same samstundes, eit ikkje-tema.

I klasserommet, eller Verdsrommet, i det gamle skulebygget kan elevane velja arbeidsoppgåver. Dei vel til ei viss grad kva dei vil jobba med og kven dei vil jobba med, ut frå gitte rammer.

«Barnet vil sjølv gjera, sjå og læra seg gjennom sine eigne sansar og ikkje gjennom ein vaksen sine auge. Følg barnet», meinte Maria Montessori.

– Her har vi mykje betre planar og materiale enn det vi hadde tidlegare. Det er viktig at vi har planar, meiner Tiril og Viktoria.

Dei har to år bak seg i den tradisjonelle skulen, men har alt funne seg godt til rette i montessoripedagogikken.

– Vi gler oss veldig, kvar dag, til å gå på skulen. Heimelekser har vi heldigvis ikkje. Vi har heller ein litt lengre skuledag, slik at vi får gjort alt arbeidet i skuletida. Då får vi betre tid til å vera saman med venene våre på fritida, seier Tiril Nepstad.

Ho flytta saman med mamma, pappa og tre søsken frå Knarvik til Ølve før dette skuleåret.

– Eg lengtar ikkje tilbake til Knarvik. Det er kjempekjekt i Ølve, og så kan eg gå til skulen på 10 minutt, det er bra, meiner åtteåringen.

– Vi har veldig kjekke lærarar altså, bryt Viktoria inn

– Er det berre kjekke elevar og lærarar ved denne skulen?

– Dei fleste er faktisk veldig snille, men det er nokre som irriterer litt, av og til, smiler Viktoria.

Dei to venninnene har valt å prøva seg på nokre reknepøver denne dagen.

LANG PAUSE

Den første økta av skuledagen på Ølve Montessoriskule som varer frå 0830 til klokka 11.00, går mot slutten. Det er klart for halvannan time pause. Den første halvtimen er sett av til å innta medbrakt matpakke. Glas og mjølk kjem på bordet. Elevane samlar seg i små klynger, drøset går rundt bordet, om ulike tema på same måte som det som skjer i ei kantine på ein arbeidsplass. Vi slår oss ned ved bordet til to «ekte» montessorielevar, førsteklasingane Julie Bjørkelund og Marie Traavik.

– Denne matpakken liknar på den eg hadde i går, seier Julie.

Ho tek ein kikk ned på dei to brødiskivene med brunost og fårepølse.

– Men Marie og eg har same type yoghurt, legg ho til.

– Heimelekser har vi heldigvis ikkje

Tiril Nepstad



LESESTUND: Formiddagsøkta vert avslutta med lesestund. I ulike stillingar lyttar elevane til montessoripedagog

– Kva har de lært i løpet av desse månadene på Montessoriskulen?

– Altså, æh.

Marie tek ein aldri så liten tenkjepause, før ho svarar.

– Eg har lært å vera snill.

– Det har eg og, men det har eg forresten lært for lenge sidan, supplerer Julie.

– Du. Veit du kvifor eg ikkje vil gå på Hatlestrand skule?

– Nei?

– For der har dei masse lekser, det har ikkje vi, smiler Julie og puttar den siste biten av brødiskiva med brunost i munnen.

Matpausen nyttar dei to seksåringane til å filosofera litt over kva dei vil bli når dei vert vaksne.

– Eg skal bli detektiv, kunstmalar og ei slik som byggjar ting som eg kan gje vekk. Eg er ganske flink til å byggja mange ting, altså.

Og så vil eg stå i butikk, oppsummerer Julie.

– Eg skal bli popstjerne og dansar, røper Marie.

– Åh, det gløymde eg. Eg og skal bli popstjerne, seier Julie.

– Kan de bli alt dette etter å ha gått på Montessoriskulen?

– Ja, klart det. Men forresten, dansinga må vi læra oss ein annan plass, trur vi, seier seksåringane.

LUFT

Etter at maten er fordøydd og borda og Verdsrommet rydda er det klart for frisk luft. Ølve Montessoriskule har eit unikt uteområde som opnar for ei rekkje aktivitetar. Det er ein strålende oktoberdag med sol frå skyfri himmel. Like nedanfor skulen ligg Dalsfjorden blikstille. Eit svanepar seglar stille forbi. Haustlauvet drysser lett frå dei store trea som elevane nyttar til klatreaktivitet i pausen.

– Du, har du sett dei flotte doane foreldre og elevar har laga i stand i løpet av haustferien? Det er dei flottaste skuledoane eg nokon gang har sett, seier montessoripedagog Marianne Bockfeldt, oslodama som pendlar mellom hovudstaden og Ølve.

Gutedoen er malt i blått, jentendoen i raudt. Dei gamle doringane og lokka er bytte ut med nytt, også dei i blått og raudt. Inngangsdørene er dekorert med store Mikke Mus-figurar på gutendoen og Minni Mus på jentendoen. Blant dei som deltok på dugnaden i haustferien var tredjeklassingen



Siri Holst Larsen.



DEKORATIVT: Den private skulen har dekorative toalett, her frå jenteden.

LESESTUND: Formiddagsøktta vert avslutta med lesestund. Elevane lyttar til montessoripedagog Siri Holst Larsen i ulike stillingar.

Morten A. Skarvatun. Han fekk denne veka Montessoriblomen, ein pris som kvar veke vert delt ut til ein av elevane som har gjort noko positivt for seg sjølv eller andre.

Men opprustinga av toaletta er berre ein liten del av den fantastiske renoveringa som er gjort på skulebygget, det meste utført på dugnad. Då kommunestyret vedtok å leggja

ned Ølve skule var det gneisten som fekk heile Ølve-samfunnet til å eksplodera i ein dugnadsinnsats som bygda ikkje har sett maken til. I løpet av nokre vår- og sommarmånader var den private skulen etablert, og skulebygget stod fram i heilt ny drakt. I dag har Ølve fått sin eigen skule som ingen politikarar kan tukla med, ein skule som både

elear, lærar og alle i Ølve er svært stolte over.

– Vi har fått ein flott og god skule, er meldingane vi får frå dei 36 elevane i Verdsrommet og Tidsrommet som erstattar dei tradisjonelle klasseromma.

Arne Lindeflaten
arne@kvinnheringen.no



HIMMELROMMET: Førsteklassingane Simon Nepstad, Julie Bjørkelund og Marie Traavik er interessert i universet.



FRUKTKROKEN: Jonas Teigen og Simon Nepstad har tatt ein «time out» i fruktkroken.